

### Justerte satsar for SFO

Kommunen informerer om at det har vore naudsynt å endra litt på satsane i foreldrebetalinga til SFO. Nokre tilbod er blitt litt billigare økonomisk og nokre er blitt litt dyrare. Dette skuldast at kommunen har måtta justert prisane i samsvar med kommunestyret sitt budsjettvedtak. Overgang frå timar til dagar er årsaka til denne justeringa.

### Jaktar ny rektor på Halsnøy skule

Kvinnherad kommune søker etter ein person med god pedagogisk og administrativ leiarkompetanse, og som har erfaring frå leing og skuleutvikling til å ta fatt på rolla som einingsleiar på Halsnøy skule. Søknadsfristen er 2. juni.

### 17 stortingsvallister godkjente

Av 19 innleverte lister i Hordaland vart to kasta, medan resten vart samrøystes godkjent. Dei godkjende listene er: Demokratane i Norge, Kristeleg Folkeparti, Raudt, Miljøpartiet De Grønne, Sosialistisk Venstreparti, Partiet De Kristne, Liberalistene, Senterpartiet, Framstegspartiet, Venstre, Høgre, Arbeiderpartiet, Kystpartiet, Alliansen, Helsepartiet, Piratpartiet og Feministisk Initiativ.

# Signerte kontrakt i Montenegro



Ein glad gjeng feirar at kontrakten er underskriven. Frå venstre: Goran Petrusic, aksjonær i Energi Teknikk, Arild Klette Steinsvik, dagleg leiar i Energi Teknikk, Milan Barachov, Norimport Trading som er agent for Energi Teknikk på Balkan, samt fire representantar frå utbyggar av kraftverka. (Foto: Energi Teknikk).

**EnergiTeknikk har signert kontrakt om å levera to kraftverk i Montenegro. Verdien er om lag 10 millionar kroner.**

Avtalen vart underskriven førre torsdag, og inneber at Energi Teknikk skal levera komplett elektromekanisk utrusting til kraftverka Murino 1 og 2. Dette er turbinar på 1 og 1,5 MW med generatorar, kontrollanlegg og hjelpeanlegg. Leveringa vil finna stad rundt årsskiftet, og representerer om lag 10 millionar kroner

i omsetnad for bedrifta som har kontor i bankbygget i Rosendal.

#### Godt fotfeste

– Energi Teknikk har jobba målretta med aktivitet på Balkan, og opplever no at selskapet byrjar å få godt fotfeste, samstundes som at kundane stadfestar beta-

lingsvilje for høg kvalitet frå Norge, opplyser dagleg leiar Arild Klette Steinsvik.

Ordreboka til Energi Teknikk er no på om lag 65 millionar, og gjev arbeid heilt til hausten 2018.

Morten Nygård  
morten@grenda.no

## I gang med Klette Brygge

**Arbeidet med å bygga leilegheiter på tomte til den gamlesjøflyhangaren i Rosendal er no godt i gang.**

– Vi har støypt fundament, samt kome i gang med ein del anna arbeid på staden. Vi skundar oss langsamt mot mål, fortel utbyggar Geir Rusten.

I alt vil det verta fem leilegheiter fordelt på to etasjar når bygget står ferdig. Kvar leilegheit vil ha eiga brygge, samt at det vil verta ei felles brygge. Rusten fortel at dei enno ikkje vil setja noko tidspunkt for når dei skal verta ferdige.

– Vi har ikkje noko tidspres

på oss, og vi vil ikkje leggje noko ut for sal før alt er ferdig. Fokuset er å gjera eit skikkeleg arbeid, få alt ferdigstilt, både ute og inne, og så tek vi det deretter. Det viktigaste no er at vi er komne i gang, og eg gler meg til å sjå det ferdige resultatet, kommenterer Geir Rusten.

Han fortel også at det er mange som er interesserte.

– Telefonen ringjer både titt og ofte, men vi held oss til planen, sluttar han.

Cato Leganger  
cst@gerca.no



Dei nye husværa i sjøkanten i Rosendal er i ferd med å reisa seg.